



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2025/2120-10

Saksbehandlar: Sander Sælthun

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/46	11.06.2026	Formannskap
2026/39	18.06.2026	Kommunestyret

Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger - kommunedelplan for masselager i Skjåk kommune - fastsetting av planprogram

Vedlegg

- 1 Planprogram masselager i Skjåk kommune - sist revidert 01.06.2026.PDF
- 2 Skjåk kommune si uttale ved oppstart Rv 15 Strynefjellet
- 3 Innspel samanfatta - masselager Skjåk kommune

Saksutgreiing

Statens Vegvesen har sendt forslag til planprogram for *Kommunedelplan for masselager i Skjåk kommune* til kommunen for godkjenning. Planprogrammet skal ligge til grunn for arbeidet med utarbeiding av ein kommunedelplan og fastsette kva for utgreiingar som skal vere knytt til arbeidet .

Dette er ein del av prosjektet *Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger*. Ny tunnel på Strynefjellet vil generere store mengder overskotsmassar, og det vil difor vere behov for å greie ut område for lagring og/eller deponering av bergmassane. Arbeidet med masselager vil bli gjennomført som eigne planprosessar. Kommunane vil vere planmynde, og Statens vegvesen vil vere tiltakshavar og forslagsstillar til planane. Det skal utarbeidast tre parallelle kommunedelplanar med KU:

- Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger (hovedprosjektet for rv. 15/fv. 63)
- Rv. 15 Strynefjellet, masselager i Skjåk kommune (som denne saka omfattar)
- Rv. 15 Strynefjellet, masselager i Stryn kommune

Prosjektet er av ein storleik som utløyser krav om konsekvensutgreiing, og eit planprogram skal utarbeidast for kvar kommunedelplan. Varsling av oppstart av arbeidet med kommunedelplanen vart gjort samtidig med at forslag til planprogram vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10. november 2025 til 15. januar 2026. Det vart gjennomført ope informasjonsmøte i Bismo 3. desember. Uttale frå Skjåk kommune til oppstartsvarselet vart behandla i hovudutval for miljø og samfunnsutvikling 13.01.2026 (sak 2026/6), i formannskapet 20.01.2026 (sak 2026/2), og i kommunestyret 29.01.2026 (sak 2026/2). Uttalen er lagt ved saka.

Statens vegvesen mottok til saman nærare 70 innspel til oppstartsvarelet, av desse er det 13 innspel som er knytt til masselagring i Skjåk kommune. Dette gjeld uttaler og innspel frå:

- Statsforvaltaren i Innlandet
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Statens vegvesen, Norsk vegmuseum
- Skjåk kommune
- NVE
- Skjåk Almenning
- Breheimen nasjonalparkstyre
- Bridablikk hytteforening
- Birdlife Oppland
- Stein Are Bergheim
- Per Bådshaug
- Erik Skogen
- Steinar Glomnes

Statens vegvesen si samanfatning og kommentarar til desse innspela er lagt ved saka.

Planarbeidet blir gjennomført av Statens vegvesen med heimel i plan- og bygningslova § 3-7 - *Overføring av planforberedelse til statlig eller regional myndighet*. Planarbeidet skjer i samarbeid med Stryn, Skjåk og Stranda kommunar. Kommunane vil vere planmynde, og gjennomfører sluttbehandling av planprogramma, og seinare behandling av høyringsforslag og sluttbehandling av dei endelege planforslaga.

Område for masselagring i Skjåk kommune som ligg inne i forslaget til planprogram, og som dermed skal utgreiast i det vidare planarbeidet:

- Ved brøytetasjonen i Breiddalen
- I Hamseviki – utfylling i Breidalsvatnet der rv. 15 kryssar Hamseviki
- Grotli, ved parkeringsplass mellom gml. Strynefjellsvegen og Breidalsvatnet
- Grotli, område aust for krysset på nedsida av rv. 15
- Billingen. område på begge sider av rv. 15 søraust for Billingen
- Framruste, ved tidlegare massetak
- Kleivholet, langs rv. 15 sør for demninga i Heggjebottvatnet
- Kuhølgruva, Nordberg - ved eksisterande massetak

Område for masselagring som har vore spelt inn tidlegare i planprosessen, men som er teke ut av planprogrammet og dermed ikkje blir med i det vidare planarbeidet:

- Rasvoll og utfylling langs fv. 63 Langvatnet
- Utfylling i Langvatnet og ved eksisterande tunellopping for Oppljostunnelen
- Langs rv. 15 ved Lægerhytta
- Langs Skomakerelva ved Hamsevika

Desse områda er teke ut av vidare planarbeid som følgje av negative innspel som kom ved høyring av oppstartsmeldinga – først og fremst av omsyn til villrein, og på grunn av miljøulempar ved utfylling/ masselagring i vatn.

I Skjåk kommune sin uttale til oppstartsvarelet vart det nemnd 9 konkrete forslag til område for massedeponi. Med unntak av alternativet Heimdalen – Måsåbakkane – Stuttgongen (sykkelveg/ turløype) er desse forslaga vurdert i planprogrammet.

I planprosessen ønskjer ein elles å gå breitt ut og vere opne for innspel både til dei forslaga til masselager som ein har valt å gå vidare med i planprogrammet i etterkant av planoppstart, og til nye som kan komme seinare i planprosessen. Som følgje av dette vil det vere naudsynt å gjennomføre ein «silingsprosess» for dei områda som blir med vidare i planprogrammet. Dette for å sile vekk dei løysingane som ikkje er aktuelle å ta med etter ein nærare utgreiing av relevante tema i etterkant av vedteke planprogram.

Miljømessige konsekvensar

I denne saka er det eit planprogram som skal vedtakast, dvs. eit program for planleggings- og utgreiingsprosessen – og det slår fast at planen skal ha konsekvensutgreiing (KU). Planprogrammet har eit utgreiingsprogram slår fast at det skal gjerast eit omfattande utgreiingsarbeid knytt til miljø og evt. konsekvensar for miljøet. Dette omfattar også ei grundig vurdering etter dei miljørettsleg prinsippa naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vurdering

Eit planprogram er ein plan for planleggingsprosessen og utgjer første steg i arbeidet med utarbeiding av ein kommunedelplan. Formålet med eit planprogram er mellom anna å klargjere formålet med planarbeidet, avklare vurdering av alternative løysingar og behovet for utgreiingar, og sikre ein strukturert prosess med aktiv medverknad frå offentlege organ og berørte grupper.

Planprogrammet omfattar til saman 8 ulike alternativ for område for lagring av tunellmasse. Forslaget opnar også for at nye alternativ som kan kome opp i planarbeidet kan vurderast i vidare planprosess. Det vil vere større eller mindre ulemper knytt til alle alternativa, og det er den vidare prosessen med konsekvensutgreiing av dei ulike alternativa som vil avgjere kva for alternativ som viser seg å ha minst ulemper og dermed blir vidareført i planforslaget.

Hovudformålet med prosjektet er å oppnå ei vintersikker og trygg vegforbinding mellom Skjåk og Stryn, da vil det nødvendigvis måtte avsetjast tilstrekkeleg areal for lagring av tunellmasse. Kommunedirektøren vurderer at kommunane har stor interesse for å bidra til ein effektiv planprosess, og vil tilrå vedtak av planprogrammet slik det no ligg føre.

Kommunedirektøren si tilråding

I medhald av plan- og bygningslova § 11-13 blir planprogram for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger - kommunedelplan for masselager i Skjåk godkjent av Skjåk kommune.

Formannskap si behandling av sak 46/2026 i møte den 11.06.2026:

Behandling

Samrøystes som innstilling.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-13 blir planprogram for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger - kommunedelplan for masselager i Skjåk godkjent av Skjåk kommune.

Kommunestyret si behandling av sak 39/2026 i møte den 18.06.2026:

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-13 blir planprogram for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger - kommunedelplan for masselager i Skjåk godkjent av Skjåk kommune.